

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 - Dep,

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10 / 01970 - 138	
DATO 02 FEB. 2011	
AN	EKSP.

Ordfører

Sakshandsamar:
Jarle Aarvoll
Tlf: 57 62 96 09
Mobil:
Vår ref.
11/502-3
Arkiv
S10 &13
Dykkar ref.

Dato
28.01.2011

Foreslegen ordning med elsertifikat - høringsuttale.


Sogndal kommune er positive til at det 8. desember 2010 vart lagt fram lovforslag for å etablera ein felles svensk-norsk marknad for elsertifikat. Ordninga med grøne sertifikat vert igangsett frå 1. januar 2012 og vil gje småkraftprodusentane ekstra inntekter dei første 15 åra. I lovforslaget er det føreslege ei overgangsordning for småkraftverk med inntil 1 MVA installert effekt bygd etter 1. januar 2004. Større småkraftverk bygd i same periode får ikkje same overgangsordninga.

Med grøne sertifikat vil småkraftnæringa i Sogndal bli enno meir lønsam framover, og vi har tru på at ordninga vil gje fleire prosjekt som vil produsere rein fornybar energi.

Med føreslegen ordning med elsertifikat vil ei gruppe kraftverkseigarar felle utanfor ordninga med elsertifikat. Lovforslaget som no er på høyring gjev ikkje elsertifikat på kraftverk over 1 MVA med byggestart før 7. september 2009. Det betyr at mange prosjekt som vart bygde med lovnader om sertifikat, ikkje får det ekstra økonomiske tilskotet.

For å stimulere til produksjon av rein fornybar energi og likebehandling ber Sogndal kommune om at alle småkraftverk med byggestart etter 1. januar 2004 må kome inn under den nye sertifikatordninga. Dette må innarbeidast før den nye lova vert vedteken.

Med helsing



Jarle Aarvoll
ordfører